



Andreas Tarberg på veg mot mål etter vel 20 km.

Andreas Tarberg som bur i Korsnes er kandidat for Høgre til kommunevalget. Valkampinnspurten hans har vore litt spesiell sidan han valde å ta turen til Stockholm. Der deltok han i halvmaraton under det tradisjonsrike arrangementet i går. Som vi ser av biletet frå innspurten, gjennomførte han verkeleg dei vel 2 mila med stil! Trur ikkje han tenkte mykje valgkamp der!

Andreas deltok saman med kollegaer frå arbeidsplassen sin, DNB Sunnhordland og Hardanger. Då eg snakka med han, var han på veg heim, og han fortalde at dei hadde meldt seg på til løpet for eit år sidan. Dei hadde eit felles mål om å koma i betre form.

Han fortel at det er kjekt å ha eit slikt samlande prosjekt. Nokre har trena svært godt, andre kunne nok ha trena litt meir. Andreas har tidlegare i år delteke i Postvegsløpet her lokalt. Det var debuten hans i langløp. - Sjølv kunne eg ha trena meir. Då hadde det vore kjekkare, for det vart litt vondt både i kne og bein, avsluttar han samtalen. Utfrå biletet ser det no verkeleg ut som han kosar seg inn mot mål!

I morgon har eg tru på at den spreke økonomen fort kan verta kommunestyrerepresentant sjølv om han står på 21.plass på lista. Han kan trengast der.



[Andreas Tarberg\(nr.4 f.v.\) saman med kollegaene i DNB etter løpet.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat